

Lindås kommune  
Teknisk Drift  
v/Arne Helgesen  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår referanse: 8116-B02\_2  
Bergen, 23. Oktober 2017

**SOMMERRO PANOMRAMA AS.  
ISDAL. KUBBALEITET BUSTADOMRÅDE. VVA-ANLEGG. BYGGJETRINN  
1 OG 2. GNR. 137 BNR. 66 M.FL.  
SØKNAD OM GODKJENNING AV TEKNISKE VA-PLANAR.**

Visar til referat frå avklaringsmøte 23. mars 2017.

På vegne av tiltakshavar Sommerro Panorama AS søker vi med dette om godkjenning av tekniske planar for vass- og avlaupsanlegg i Kubbaleitet bustadområdet. Bustadfeltet vil leggje til rette for om lag 170 nye bustadeiningar.

Byggjetrinn 1 er nytt VA-anlegg i Isdalstøbakken og inn i bustadområdet, fram til gnr/bnr. 137/94

- Kum S1-S7 i veg o\_V3 (pr. 0-105)

Byggjetrinn 2 er veganlegg i bustadområdet, fram til nye bustader i delfelt BB1, BB3, BK1, BF2 og BF3:

- Kum S7-S15 i veg o\_V3 (pr. 105-305)
- Kum S14-S24 i parkeringsplass f\_P1
- Kum S24-pumpestasjon P1
- Kum S11-S32 i veg f\_V6

Byggetrinn 3 og eventuelt 4 vil bli prosjektert ferdig etter trinn 1 og 2 er ferdig bygd.

Fyste del av bustadområdet er delt i to byggjetrinn grunna manglande grunnavtale med eigar av gnr/bnr. 137/94. Samstundes er utbyggjar forplikta til å byggje ny veg og støytiltak langs gnr/bnr. 137/739 innan ein gitt frist.

Tiltaket omfattar:

1. Vidareføring av ø180mm PE100 SDR11 vassleidning frå Isdalstøbakken inn i bustadfeltet. Det leggjast til rette for forlenging av leidning mot Tuftemyra, vest for planområdet, i byggjetrinn 3. Det monterast 4 stk vassverkskummar med brannventil (kum V1-V4)
2. Vassleidning fram til brannvassuttak i kum V8 i ende av veg f\_V6
3. Omlegging av ø110mm vassleidning ved gnr/bnr. 137/53. Ny vassverkskum V2 erstattar kum på eigedomen. Ø110mm leidning mot eigedomar aust for planområdet blir lagt i ny veg rundt bnr. 53. Private stikkleidningar til bnr. 48 og 739 leggjast og i ny veg rundt bnr. 53

4. Omlegging av spillvass- og overvassleidningar i eksisterande veg langs eigedomane gnr. 137 bnr. 48, 53 og 739. Leidningar frå Isdalstøbakken knytast til nytt leidningsnett (2xØ110mm og Ø200mm spillvassleidning, Ø250mm overvassleidning)
5. Ny kloakkpumpestasjon P1 etablerast i søraustre del av planområdet, ved gnr/bnr. 137/534. Pumpestasjon dimensjonerast for 165 nye og 10 eksisterande bustadeiningar. Naudoverløpsleidning leggjast fram til utslepp i sjø. Pumpeleidning knytast til eksisterande kum (EKS1) ved gnr/bnr. 137/53. Steinfeldskum S27 monterast før innløp i pumpestasjon.
6. Spillvassleidning i bustadfeltet leggjast med fall til pumpestasjon P1. Sjølvfall frå nye bustader vest i planområdet førar til at kummar i vegkrysset o\_V3/f\_P1 blir inntil 4,8m djupe. Kummar djupare enn 2,5m montert som Ø1000mm betongkum. Samstundes blir kummar djupare enn 3,5m (kum S14, O14, S22, O22, S23 og O23) montert med mellomdekke.
7. Overvassleidning frå bustadtomter og vegar leggjast fram til utløp i terreng/bekk mellom gnr/bnr. 137/533 og delfelt BB1
8. Vegsluk monterast i vegar

Vi søker om at følgjande VA-anlegg blir overtatt av kommunen til drift og vedlikehald:

Trase	Lengde (m)	Vassleidn.	Spillvassleidn.	Pumpeleidn. spillvatn	Overvassleidn.
Veg o_V3 – kum S1-S9	120	Ø180mm PE100 SDR11	Ø200mm PVC SDR34,4		Ø160-250mm PVC SDR34,4
Veg o_V3 – kum S9-S11	58	Ø180mm PE100 SDR11		Ø110mm PE100 SDR17	Ø250mm PVC SDR34,4
Veg o_V3 – kum S11-14	70	Ø180mm PE100 SDR11	Ø160mm PVC SDR34,4	Ø110mm PE100 SDR17	Ø250mm PVC SDR34,4
P-plass f_P1 – kum S14-S27	73	Ø180mm PE100 SDR11	Ø160mm PVC SDR34,4	Ø110mm PE100 SDR17	Ø315mm PVC SDR34,4
Overløp pumpestasjon	55		Ø160mm PVC/PE100		
Veg f_V6 – kum S11-S32	87	Ø180mm PE100 SDR11	Ø160mm PVC SDR34,4		Ø200mm PVC SDR34,4

Spørsmål om søknaden kan rettes til underteikna på tlf. 55 59 82 64 eller e-post [thor-henrik@haugen-vva.no](mailto:thor-henrik@haugen-vva.no). Om ønskeleg kan vi stille på eit avklaringsmøte på Dykkar kontor for gjennomgang av planane.

Vi vonar ei positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

Teikningar etter liste s. 3-4

Teikn.nr. GH90 – Vann- og avløpsplan – byggetrinn 1 (M=1:500)

Kopi av brev og vedlegg:

Sommerro Panorama AS v/Kjell Reigstad